

LITTERATURSELSKAPET DET NORSKE SAMLAGET

ÅRSMELDING 2020

1. *Litteraturselskapet* Det Norske Samlaget er ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868 med hovudoppgåve å leggja tilhøva til rette for nynorsk bokutgiving. Forlaget Det Norske Samlaget blei i 1978 skilt ut som sjølvveigande stifting. Dei som tingar tidsskriftet Syn og Segn er medlemmer i Litteraturselskapet. Selskapet held til i Oslo i leigde lokale.

2. *Talet på medlemmer* var 31. desember 1700 mot 2464 året før. Nedgangen skuldast at Kulturrådet ikkje lenger kjøper inn tidsskrift til biblioteka.

3. *Heidersmedlemmer* var Arthur Arntzen, Brit Bildøen, Ola E. Bø, Kjartan Fløgstad, Jon Fosse, Ottar Grepstad, Audun Heskestad, Ragnar Hovland, Kjellbjørg Lunde, Eldrid Lunden, Erna Osland, Maria Parr, Andreas Skartveit, Aud Søyland, Karl Arne Utgård, Guri Vesaas, Einar Økland, og Kjell Snerte.

4. *Styret og valnemnda etter årsmøtet 9. september 2020*

På årsmøtet blei Gunnar Hæreid vald som leiar (for eitt år).

Styremedlemmer: Espen Udland og Bjarne Tormodsgard

Sigrun Høgetveit Berg og Erik Bolstad

1. varamedlem Hege Myklebust

2. varamedlem Eli Ulvestad

Valde av dei tilsette i forlaget: Cecilie Seiness med David Allan Aasen som varamedlem, begge for eitt år. Etter dei nye lovene vel ikkje lenger forfattarane eigne representantar til styret.

I 2020 blei det halde tre styremøte i Litteraturselskapet. Styret konstituerte seg med Gunnar Hæreid som leiar og Espen Udland som nestleiar. Styret har ikkje lenger eit arbeidsutval.

Årsmøtet valde denne valnemnda: Grete Riise blei attvald som leiar for to år. Jens Kihl blei attvald som medlem for to år. Emil Andre Erstad blei vald som ny fast medlem for eitt år, og Ragnhild Bjørge som vara for eitt år.

Årsmøtet valde dette rådet: Hege Myklebust blei vald som rådsordførarar for eitt år. Hanne Maren Blåfjelldal for eitt år, Anders Kvernmo Langset, Kristin Helle-Valle og Øystein Espe Bae valde for to år i 2019. Kristin Fridtun og Per Magnus Finnanger Sandsmark blei valde som medlemmer for to år. Gunhild Stang Berge trekte seg frå vervet når ho tok til som statssekretær i Kulturdepartementet.

Rådet hadde to møte i 2020. Rådet drøfta ei rekkje saker som er relevante for Det Norske Samlaget og nynorsk. Mellom anna barne- og ungdomskulturmeldinga som kjem til hausten. Rådet vil ta opp dette som ei sak på neste møte. Andre aktuelle saker som blei nemnd er tiltak for nynorsk sakprosa som ikkje er høgare utdanning, innspel til programarbeidet i dei politiske partia og digital historieforteljning. Edmund Austigard orienterte om statsbudsjettsøkna den og potensielle satsingsområde for Samlaget.

Statsautorisert revisor Eivind Nilsen, PricewaterhouseCooper AS, var ansvarleg revisor.

5. *Det økonomiske resultatet*

Årsrekneskapen er sett opp ut frå føresetnaden om vidare drift. Inntektene er renter på kapitalen. Laget har i meldingsåret eit overskot på kr 5 221. Selskapet driv inga verksemd som ureinar det ytre miljøet.

6. *Styremedlemmer i forlaget*

Frå og med 2019 sit dei same personane i styra til Litteraturselskapet og Stiftinga, i tråd med lovendingane frå 2018. I 2019 vart det halde fire styremøte i Stiftinga.

7. *Sekretær* i Litteraturselskapet var forlagsdirektør Edmund Austigard. Det er ingen fast tilsette i selskapet.

8. *Syn og Segn*

Tidsskriftet kom med fire hefte på i alt 424 sider. Årspengane var 425 kroner for vanlege abonnentar, kr. 350 for skuleungdom og studentar og 525 kroner for institusjonar. Laussalprisen er 129 kroner. Alle nye abonnentar får bladet til introduksjonsprisen kr. 150.

9. *Arbeidsoppgåver i meldingsåret*

Styret arbeider etter ein plan som speglar kjerneoppgåvene for Litteraturselskapet og eit tydeleg skilje mellom Stiftinga og Litteraturselskapet sitt ansvar, i samsvar med tidlegare drøftingar og fellesmøte med dei to styra.

Prioriterte arbeidsoppgåver i 2020 har vore følgjande:

Ny redaktør i Syn og Segn

Knut Aastad Bråten var ansvarleg redaktør fram til han i januar tok til som statssekretær i Kulturdepartementet. Janne Nygård overtok som fungerande redaktør for dei fire utgivingane i 2020. Astrid Sverresdotter Dypvik tok til som nytilsett ansvarleg redaktør 1. desember.

Etter ei analyse av Syn og Segn sin posisjon i marknaden, og val av strategi for utviklinga av tidsskriftet dei neste fire åra, valde styret å lyse ut stillinga som ansvarleg redaktør i juni. Mellom mange godt kvalifiserte søkarar blei journalist og forfattar Astrid Sverresdotter Dypvik tilsett med verknad frå 1. desember.

Framlegget til ny språklov

Styret har i meldingsåret arbeidd med oppfølginga av høyringa, og stilte seg bak Nynorsk Forum sine prioriteringar. Litteraturselskapet la vekt på at det må vera sanksjonar for brot på språklov, og har elles teke til orde for å lovfesta det offentlege sitt ansvar for norsk fagspråk og at verkeområdet for lova må vera vidare enn dagens mållov.

Støtteordninga til lærebokutvalet for høgare utdanning

Litteraturselskapet har arbeidd mykje med støtteordninga for pensumlitteratur på norsk og samisk, som Lærebokutvalet for høgare utdanning driftar. Litteraturselskapet meiner at det språkpolitiske føremålet til ordninga må vektleggjast meir enn i dag, og at utgivingar på nynorsk og samisk skal prioriterast.

Vennelaget Samlagsrota

Tema for møta er valde frå bøkene forlaget hadde gitt ut, eller om forfattarar som Vennelaget Samlagsrota ville vektleggja. I styret for laget sat Mads Liland (leiar), Oddrun Grønvik, Øystein

Grønmyr, Liv Hege Skagestad, Dagfinn Worren og Kjartan Helleve. Opplysningar om vennelaget ligg på Samlaget si heimeside.

10. Litteraturprisar og tildelingar

I 2020 har desse fått litteraturprisar som Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har ansvaret for å dele ut, eller har medansvar for.

Nynorsk litteraturpris blei tildelt Jon Fosse for *Det andre namnet*. Prisen er på 30 000 kroner. Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Noregs Mållag og Det Norske Teatret bidreg med 10 000 kroner kvar til prisen.

Sokneprest Alfred Andersson-Ryssts pris til stønad for samkjensle mellom Noreg og Færøyane/Island vert delt ut i 2021. Prisen er på 10 000 kroner.

Alf Helleviks mediemålpris til yngre nynorskbrukarar i radio og fjernsyn som dyrkar eit godt normalisert talemål i media, blei i 2020 delt ut til journalistane Stig Øystein Schmidt og Espen Moe Breivik i VGTV. Prisen er på 25 000 kroner.

Fridthiov Oos-prisen går til dei tre beste hovudstilane på nynorsk til hovudmåleksamen ved vidaregåande skular, på allmennfaglege liner. På grunn av korona-restriksjonar og utsett årsmøte vart prisvinnarane annonserte, men prisane ikkje formelt delte ut. Prispengane er på 5 000 kroner til kvar av vinnarane, og desse vil bli utbetalt i samband med forseinka utdeling i 2021. Vinnarane var Herdis Auestad Nergaard, Anna Standal Tangen og Jenny Heggheim Myklebust.

Samlagsprisen er ein årleg pris som skal gå til ein forfattar som skriv på nynorsk, uavhengig av forlag. Prisen skal annakvart år veksle mellom å gå til ein hovudsakleg faglitterær og skjønnlitterær forfattarskap. Prisen er på 50 000 kroner. Prisen gjekk i 2020 til Katrine Sele for forfattarskapen hennar.

Oversyn over juryane til dei ulike prisane er gitt under fond og legat. Eit oversyn over dei litteraturprisane som Samlagsforfattarar fekk i 2020 er teke med i årsmeldinga frå forlaget.

11. Fond og legat

Dei fonda og legata som Det Norske Samlaget no styrer eller fører tilsyn med, hadde ved utgangen av 2020 ein samla kapital på 8 222 024 kroner. Nettoinntekta var 195 969 kroner før utdelingane.

	<i>Nettoinntekt før utdeling</i>	<i>Utdeling</i>	<i>Kapital per 31.12.20</i>
Samlagsfondet	181 180	90 000	7 361 513
Haavoll-Lølandsfondet	14 789	0	860 511
	<u>195 969</u>	<u>90 000</u>	<u>8 222 024</u>

Kapitalen i desse fonda og legata var per 31. desember 2020 plassert slik:

Aksjar	39 984
Bankinnskot i Danske Bank	77 033
Bankinnskot i Grue Sparebank	8 132 890
<u>Til gode/skuld</u>	<u>-27 885</u>
	<u>8 222 022</u>

Prisnemnda for *Nynorsk litteraturpris* hadde desse medlemmene: Carl Morten Amundsen (oppnemnd av Det Norske Teatret), Marta Norheim (oppnemnd av Noregs Mållag) og Heming Gujord (oppnemnd av Det Norske Samlaget).

Fridthiov Oos-prisen hadde denne juryen: Anders Fitje, Synnøve Marie Sætre og Kirsti Lunde (oppnemnde av Det Norske Samlaget).

Sokneprest Alfred Andersson-Ryssts pris hadde desse medlemmene i juryen: Edit Bugge, Margunn Rauset og Øystein Vangsnes (oppnemnde av Det Norske Samlaget).

Alf Helleviks mediemålpris hadde denne nemnda: Magni Hjertenes Flyum, Geirmund Henjum og Sigvart Østrem (alle oppnemnde av Det Norske Samlaget).

Prisnemnda for *Samlagsprisen* hadde desse medlemmene: Liv Hege Skagestad (oppnemnd av Vennelaget Samlagsrota), Kristian Lødemel Sandberg (oppnemnd av Det Norske Samlaget) og Dag Nestegard (oppnemnde av Det Norske Samlaget).

Hulda Garborg-stipendet hadde denne nemnda: Borghild Maaland Ebersson (oppnemnd av Det Norske Samlaget), Carl Morten Amundsen (oppnemnd av Det Norske Teatret) og Marianne Krogh (oppnemnd av dei tilsette på Det Norske Teatret).

Emma og Elias Blix' pris (Blixprisen) hadde denne nemnda: Sigrid Merethe Hanssen (oppnemnd av Nordnorsk forfatterlag), Steinar Aas (oppnemnd av Nord universitet) og Aslaug Eidsvik (oppnemnd av Det Norske Samlaget).

Oslo, 17. februar 2021

Gunnar Hæreid, leiar

Espen Udland

Sigrun Høgetveit Berg

Erik Bolstad

Bjarne Tormodsgard

Cecilie Nyborg Seiness

Edmund Austigard
dagleg leiar

LITTERATURSELSKAPET DET NORSKE SAMLAGET

REKNESKAP 2020

RESULTATREKNESKAP

	Note	2020	2019
Inntekter:			
Renteinntekter		28 596	35 978
Sum inntekter		<u>28 596</u>	<u>35 978</u>
Kostnader:			
Revisjon	7	13 375	13 125
Nynorsk litteraturpris		10 000	10 000
Bankgebyr		0	3
Sum kostnader		<u>23 375</u>	<u>23 128</u>
Årsresultat		<u>5 221</u>	<u>12 850</u>

BALANSE PR. 31. DESEMBER

		2020	2019
Eigneluter:			
Kortsiktige fordringar		0	6 250
Bank		1 676 188	1 664 717
		<u>1 676 188</u>	<u>1 670 967</u>
Gjeld og egenkapital:			
Eigenkapital	8	1 670 967	1 658 117
Årsresultat		5 221	12 850
		<u>1 676 188</u>	<u>1 670 967</u>

Oslo, 17. februar
2021

Gunnar Ove Hæreid
Leiar

Espen Udland

Erik Bolstad

Bjarne Tormodsgard

Sigrun Høgetveit Berg

Cecilie Nyborg Seiness

Edmund Austigard
Dagleg leiar

Verifikasjon

Transaksjon 09222115557442218270

Dokument

Litteraturselskapet - årsmelding og rekneskap 2020

Hoveddokument

5 sider

Initiert på 2021-02-18 13:31:17 CET (+0100) av Janne Nygård (JN)

Ferdigstilt den 2021-02-19 08:38:07 CET (+0100)

Initiativtaker

Janne Nygård (JN)

Stiftinga Det Norske Samlaget

j.nygard@samlaget.no

+4791616637

Signerende parter

Edmund Austigard (EA) Det Norske Samlaget e.austigard@samlaget.no Signert 2021-02-18 13:42:45 CET (+0100)	Gunnar Ove Hæreid (GOH) fmsfgoh@fylkesmannen.no Signert 2021-02-18 14:09:15 CET (+0100)
Espen Udland (EU) espen@startsiden.no Signert 2021-02-18 14:21:37 CET (+0100)	Erik Bolstad (EB) bolstad@snl.no Signert 2021-02-18 13:45:18 CET (+0100)
Cecilie Nyborg Seiness (CNS) c.seiness@samlaget.no Signert 2021-02-19 08:38:07 CET (+0100)	Sigrun Høgetveit Berg (SHB) sigrun.hogetveit.berg@uit.no Signert 2021-02-18 13:44:30 CET (+0100)
Bjarne Tormodsgard (BT) Bjarne.Tormodsgard@hallingdolen.no Signert 2021-02-18 18:13:00 CET (+0100)	

Denne verifiseringen ble utstedt av Scrive. Informasjon i kursiv har blitt verifisert trygt av Scrive. For mer informasjon/bevis som angår dette dokumentet, se de skjulte vedleggene. Bruk en PDF-leser, som Adobe Reader, som kan vise skjulte vedlegg for å se vedleggene. Vennligst merk at hvis du skriver ut dokumentet, kan ikke en utskrevet kopi verifiseres som original i henhold til bestemmelsene nedenfor, og at en enkel utskrift vil være uten innholdet i de skjulte vedleggene. Den digitale signeringsprosessen (elektronisk forsegling) garanterer at dokumentet og de skjulte vedleggene er originale, og dette kan dokumenteres matematisk og uavhengig av Scrive. Scrive tilbyr også en tjeneste som lar deg automatisk verifisere at dokumentet er originalt på: <https://scrive.com/verify>

